



Radøy Symjeklubb
Aleksander Mogen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1215 - 14/6713

Saksbehandlar:
Monika Soltveit Gabrielli
monika.gabrielli@radoy.kommune.no

Dato:
18.06.2014

Søknad om halltid - Radøy Symjeklubb

Syner til dykkar søknad om halltid for Radøy symjeklubb for skuleåret 2014/2015, og vil med dette stadfesta at de kan leiga bassenget **kvar måndag og onsdag frå 1. september til 15. desember 2014 og 5. januar til 30. april 2015**, begge dagar frå kl. **18.00 til 20.00**. Me gjer merksam på at fakturering skjer på bakgrunn av bestilt tid, og at det difor er greitt om de melder i frå alt no om de veit at det ikkje vert trening i haust-, vinter- og påskeferie. Dersom det er andre treningar som vert avlyst, meld i frå innan 14 dagar før.

Radøy kommune er til ei kvar tid ansvarleg for tryggleiken i hallen, og vil difor kalla inn til ein gjennomgang av nye brann- og tryggleiksinnstruksar. Me kallar inn til møte før treningane tek til i haust, men meld gjerne i frå alt no dersom de vil at me skal kalla inn ein eller fleire bestemte personar. Det er viktig at den eller dei som møter er ein av dei som oppheld seg i halen i leigetida.

Me ser fram til eit godt samarbeid, og vil ønskje dykk ein god sommar!

Med helsing

Monika Soltveit Gabrielli
konsulent kultur- og sørvistorget

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Radøy Symjeklubb